

TIKKE DEG

A black and white photograph of a person's hands. The left hand is visible at the bottom, and the right hand is resting on top of it, palm up. A cross made of grey rectangular stones or tiles is held in the center of the hands. The background is a plain, light color.

vi treng det -
Jesus gjev det



TIL DEG

Vi lev i eit samfunn som har varierande grad av respekt for ei religiøs tru. Mange tenkjer at t.d. kristendom er ein utbrukt ressurs – den har hatt si tid, gjeve det den kan gje, og har ikkje meir å tilføre moderne menneske. No veit vi betre, og vitskap, filosofi og velstand gjev oss det vi treng. Men er dette sant?

Kva lengtar vi etter? Kva treng vi i livet vårt? Og finnast det behov som er uavhengig av livssyn?

Ja, det er faktisk nokre behov som vi, fordi vi er menneske, deler med kvarandre og som difor ikkje handlar om kva tru vi har eller kva vi tenkjer om åndelig røyndom. Denne serien trekk fram 5 slike ting som vi alle treng og som vi ikkje kan leve utan. Desse er:

Meining, Tilfredsheit, Fridom, Identitet og Håp

Kristen tru gjev ikkje berre ei veldig god forklaring på kvifor desse behova er store ting i liva våre, men kan møte dei betre enn noko anna livssyn!

litt om tema:

meining

Kva er meiningsa med livet? Dette standardfilosofiske spørsmålet ser vi gjerne på som ganske så pompøst. Gjennom generell kvardagslig travelhet kan vi klare å sjå vekk frå det spørsmålet til ei viss grad. «Nei, sånt går ikkje eg å tenkjer på», vil vi kanskje seie.

Men fakta er at meir enn du trur i livet ditt, orienterer seg rundt kva du opplever gjev meinings. Kanskje tenkjer du ikkje over det, men kva grunnar gjev du deg sjølv for å stå opp om morgonen? Kva kriterium vurderer du om denne dagen er velbrukt eller misbrukt når du legg deg om kvelden?

Kan meinings skapast eller må meinings oppdagast? Bibelen seier begge delar, men dreg oss mot den djupaste meiningsa som finnast: nemlig intimt kjennskap til universets Logos – Jesus Kristus. Han er og gjev ei meinings som vi ikkje berre kan søke etter i det abstrakte, men som kjem oss i møte i det konkrete, og som ingen hendingar i det konkrete kan røve frå deg. Jesus gjev meinings.

meining



Joh 1,1-5 og 14-17 Spørsmål til teksten:


1. Kva fortel vers 3 og 4 om intensjonen, meiningsa, bak det som er skapt (inkludert deg)?
2. Korleis kan vers 14 fortelje oss om ein Gud som kjem oss i møte og forstår oss?



Fellesskap

Den ærlege samtalens:

1. Opplev du at bodskapen om ei meinings bakom alt som er til stemmer med det du elles veit, eller med kjenslene dine? Dersom ikkje: korleis har du undersøkt saka?
2. Har du opplevd stunder då livet kjentest anten breiddfullt av eller utan meinings? Vi bruker gjerne lys/mørke-metaforen om desse kjensla. Kan vers 5 seie noko om dette?



Misjon

Gjennom deg og vidare

Human-etikarar vil gjerne seie at dei kan finne meiningsa i livet, i staden for *med* livet. Korleis kan vi formidle at trua på Jesus gir meir solid grunnlag for vårt felles ønske om meiningsfulle liv?



Rausheit

Takksam deling

Gud valde å gje oss liv, og å gje livet sitt for oss. Vi får vere ei forlenging av hans gjevarglede når vi gjev av vår tid, pengar, omsorg eller kreativitet. På kva måte, når eller til kven opplev du at det er meiningsfullt å gje?



Bøn

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at vi er skapt som meiningssøkande vesen, og at Han kan gje oss den meiningsa vi så inderleg lengtar etter.
2. Be om å få ta del i Guds store oppdrag, i hans meiningsfulle leiting etter alle som ikkje opplev livet som fullt av meinings.
3. Be for kvarandre, og for dei tinga som opplevast meiningslause og krevjande.

TIL DEG

Vi lev i eit samfunn som har varierande grad av respekt for ei religiøs tru. Mange tenkjer at t.d. kristendom er ein utbrukt ressurs – den har hatt si tid, gjeve det den kan gje, og har ikkje meir å tilføre moderne menneske. No veit vi betre, og vitskap, filosofi og velstand gjev oss det vi treng. Men er dette sant?

Kva lengtar vi etter? Kva treng vi i livet vårt? Og finnast det behov som er uavhengig av livssyn?

Ja, det er faktisk nokre behov som vi, fordi vi er menneske, deler med kvarandre og som difor ikkje handlar om kva tru vi har eller kva vi tenkjer om åndelig røyndom. Denne serien trekk fram 5 slike ting som vi alle treng og som vi ikkje kan leve utan. Desse er:

Meining, Tilfredsheit, Fridom, Identitet og Håp

Kristen tru gjev ikkje berre ei veldig god forklaring på kvifor desse behova er store ting i liva våre, men kan møte dei betre enn noko anna livssyn!

litt om tema:

tilfredsheit

Har du opplevd å vere ordentleg, heilt ekte fornøgd nokon gong? Alle menneske har eit behov for å bli fylt opp, ja løfta opp. Vi har ein ibuande hunger i oss som drive oss ut i verda. Enormt mykje tid i livet går med på å leite og søkje opp «eitt eller anna» som kan mette oss – sløkkje tørsten vår: tilfredsstille oss.


Behovet bur inni oss, men vi forstår at om vi skal dekkje det, krev det at vi vender oss til noko utanfor oss sjølv. Så vi smakar på ulike aktivitetar, flyttar inn i ulike roller, prøver ut ulike substansar, søker gjennom reiser og turar, leitar i forhold og i bragder etter det som kan mette oss.

Men Gud skapte oss. Og han skapte oss til seg sjølv, og han skapte oss for å trekke tilfredsstilling ut av samværet med han. Jesus seier om seg sjølv at han er livets brød.

For ein kristen er dette ein fantastisk realitet. Det er Jesus; samværet med han, det han gjev og det han har gjort som tilfredstillar vår djupaste hunger.


I han kan vi bli tilfredse og metta.

tilfredsheit



Joh 6,25-35 Spørsmål til teksten:

1. Dei fleste religionar handlar om å tilfredsstille guddommen på ein eller annan måte. Korleis kan vi sjå spor av det i vers 28, og korleis snur Jesus det på hovudet i dei siste versa her?
2. Mange har vore borti Maslows behovspyramide, der mange basisbehov på botnen må dekkjast før "åndelege" behov kjem inn i biletet heilt på topp. Verkar Jesus å vere einig i ei slik deling?



Fellesskap

Den ærlege samtalens:

1. Kva gjer moderne menneske for å bli tilfredse?
2. Kor lenge går det an å vere heilt tilfreds?
3. Matematikaren Blaise Pascal skreiv at vi menneske har eit stort hol av behov i oss, som vi prøver å fylle med ting som ikkje kan hjelpe oss, men som berre kan fyllast av Gud. Kva tenkjer du om det?




Misjon

Gjennom deg og vidare

Kva er den gode bodskapen til dei som kjenner presset på å oppleve og prøve ut eller skaffe seg mest mogleg?

Og til dei som har levd slik og funne at "alt var fåfengd og jag etter vind"?



Rausheit

Takksam deling

I dåpen blir vi døypt til den kristne forsakinga og trua. Forsaking er noko vi gjer både for vår eigen del, for forholdet vårt til Gud og for våre medmenneske. Kva, heilt konkret, er du villig til å forsake?

TIL DEG
*vi treng det -
Jesus gjev det*



Bøn

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at han har skapt oss i sitt bilete, slik at våre hjarte kan finne ro hos han.
2. Be om hjelp til først å søker Guds rike og hans rettferd, og å be «Lat viljen din råda» før bøna om dagleg brød.
3. Be for kvarandre, og for dei behova vi har som gjer kvardagane utfordrande.

TIL DEG

Vi lev i eit samfunn som har varierande grad av respekt for ei religiøs tru. Mange tenkjer at t.d. kristendom er ein utbrukt ressurs – den har hatt si tid, gjeve det den kan gje, og har ikkje meir å tilføre moderne menneske. No veit vi betre, og vitskap, filosofi og velstand gjev oss det vi treng. Men er dette sant?

Kva lengtar vi etter? Kva treng vi i livet vårt? Og finnast det behov som er uavhengig av livssyn?

Ja, det er faktisk nokre behov som vi, fordi vi er menneske, deler med kvarandre og som difor ikkje handlar om kva tru vi har eller kva vi tenkjer om åndelig røyndom. Denne serien trekk fram 5 slike ting som vi alle treng og som vi ikkje kan leve utan. Desse er:

Meining, Tilfredsheit, Fridom, Identitet og Håp

Kristen tru gjev ikkje berre ei veldig god forklaring på kvifor desse behova er store ting i liva våre, men kan møte dei betre enn noko anna livssyn!


litt om tema:

fridom

Fridom er DEN store fortellinga for vestlig kultur. Kanskje er det slik at individuell fridom er den einaste heltehistoria vi har att i vår tid. Vi feirar dei som går sin eigen veg, beundrar dei som gjer uhilda individuelle val og ikkje bryr seg om andre sine forventningar.

Fridom vert gjerne sett på som fråværet av avgrensingar slik at eg kan leve ut behova og ønska mine. Men er dette sant? For vi har alle behov og ønske som står i konflikt med kvarandre. Til dømes: Du kan ha ønske om å bli usannsynleg sprek, men samtidig er lysta til å liggje på sofaen og drikke cola like stor. Dermed er fridom ikkje fråvær av grenser og avgrensingar, men dei riktige grensene. Jesus knyt ekte fridom til to ting: *Sanning* og seg sjølv. Sanninga om meg og mi synd og Jesu kjærlige korsdød for deg. Og kjærleikens vesen er slik at ein gjerne gjev opp nokre av sine fridomar for å leve i fridomen som kjærleiken gjev. Jesus, i kjærleik, gav livet sitt for oss, og seier: I trua på meg vert de verkeleg frie.

fridom



Joh 8,31-37 Spørsmål til teksten:

1. Kva med det Jesus seier i vers 31-32 er det jødane reagerer på i vers 33? Kvifor?
2. Kva er skilnaden på den fridomen vi berre innbiller oss at vi har, og den fridomen Jesus gjev, i følgje han sjølv i v 35-36?




Fellesskap



Gjennom deg og vidare

Mange set velstand, makt, sex eller andre ting aller høgst i livet, og tenkjer at alt som hindrar dei i å skaffe seg nok av det dei ønskjer seg er berre plagsamt.

Kva er den gode bodskapen om fridom til alle som tenkjer og lev slik?



Rausheit

Takksam deling

Noko av det som gjer oss mest ufrie, er når vi trur vi er dei einaste som ikkje får til ting, og tar på maske i staden for å vere ærlege.

Det er derfor raust å dele sine feiltrinn. Kanskje du kan bekjenne ei synd som får andre til å tenke at «då er det ikkje berre meg»?

Les i så fall 1. Joh 1,9 høgt etterpå.

Misjon

TIL DEG

vi treng det -
Jesus gjev det



Bøn

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Jesus for at han gav avkall på den herlegdomen han hadde rett på, og blei begrensa i ein menneskekropp, leid og døydde for di skuld.
2. Be om eit sant bilete av kva som er ekte fridom, og kva som er slaveri med eit tynt lag av fridom rundt.
3. Be for kvarandre og for dei tinga som fører til ufridom i livet.

TIL DEG

Vi lev i eit samfunn som har varierande grad av respekt for ei religiøs tru. Mange tenkjer at t.d. kristendom er ein utbrukt ressurs – den har hatt si tid, gjeve det den kan gje, og har ikkje meir å tilføre moderne menneske. No veit vi betre, og vitskap, filosofi og velstand gjev oss det vi treng. Men er dette sant?

Kva lengtar vi etter? Kva treng vi i livet vårt? Og finnast det behov som er uavhengig av livssyn?

Ja, det er faktisk nokre behov som vi, fordi vi er menneske, deler med kvarandre og som difor ikkje handlar om kva tru vi har eller kva vi tenkjer om åndelig røyndom. Denne serien trekk fram 5 slike ting som vi alle treng og som vi ikkje kan leve utan. Desse er:

Meining, Tilfredsheit, Fridom, Identitet og Håp


Kristen tru gjev ikkje berre ei veldig god forklaring på kvifor desse behova er store ting i liva våre, men kan møte dei betre enn noko anna livssyn!

litt om tema:

identitet


Kven er du? Det store altomfattande prosjektet i eit moderne Norge er å bygge seg ein identitet. På den eine sida er det eit enormt privilegium, på den andre sida eit massivt press. Og alle kulturar gjev nokre system for slik identitetsbygging: eit sett med verdiar, rammer og forventningar som i regelen er skjult for oss – dei er følt, meir enn dei er oppi dagen. Vi les oss ikkje til desse strukturane, men plukkar dei opp gjennom filmar, musikk, politisk klima og kulturens uskrivne «likes and dislikes». Så ein fullstendig fri og uhilda identitet innanifrå er ein illusjon. Noko(n) der ute gjev deg eit namn, seier kven du er. Jesus seier om seg sjølv at han er den gode hyrdingen – han som kjenner sine, og som kallar dei ut – med namn. Jesus kan og vil gje oss eit namn, men han gjer det ikkje på ein uklar, filosofisk og abstrakt måte, men ved å legge ned livet sitt for oss. I han kan vi finne verdi og ei kjensle av eit «meg».

identitet



Joh 10,1-3 og 11-15 Spørsmål til teksten:


1. Korleis kan de sjå ut frå denne teksten at Jesus ikkje har berre ei generell interesse for menneska, men kjenner kvar enkelt?
2. Kvifor er ulven interessert i jage sauene frå kvarandre? Og kva har det med oss å gjere?
3. Kva er det Jesus snakkar om i v 15?



Fellesskap


Den ærlege samtalen:

1. Kva slags "leigekarar" er det som verkar å tilby oss identitet i vår tid, men som gjerne ikkje stiller opp for oss når det knip?
2. Har du opplevd å få pressa på deg ein identitet du ikkje var komfortabel med? Er det slik Jesus opererer?



Gjennom deg og vidare

Misjonsarbeid som har kravd at nye kristne må kaste frå seg heile sin sosiale, kulturelle eller språklege identitet har med rette blitt kritisert. Kva kan inkarnasjonen, Guds avgjerd om å bli som oss gjennom fødselen i Betlehem, fortelje oss om korleis drive misjon?



Rausheit

Takksam deling

Kva gjer det med oss å tenkje på menneske vi er fundamentalt usamde med som **elska, ønska og skapt** av Gud?

Betyr det at vi bør godta det dei sjølv byggjer identiteten sin på som bra og fint?

TIL DEG
*vi treng det -
 Jesus gjev det*



Bøn

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at han kjenner oss ved namn og har omsorg for akkurat oss.
2. Be om klårleik om kven du inst inne er, og om hjelp til å avsløre løgner om deg sjølv.
3. Be for kvarandre, og for dei tinga som verkar nedbrytande for sjølvbiletet dykker.

TIL DEG

Vi lev i eit samfunn som har varierande grad av respekt for ei religiøs tru. Mange tenkjer at t.d. kristendom er ein utbrukt ressurs – den har hatt si tid, gjeve det den kan gje, og har ikkje meir å tilføre moderne menneske. No veit vi betre, og vitskap, filosofi og velstand gjev oss det vi treng. Men er dette sant?

Kva lengtar vi etter? Kva treng vi i livet vårt? Og finnast det behov som er uavhengig av livssyn?

Ja, det er faktisk nokre behov som vi, fordi vi er menneske, deler med kvarandre og som difor ikkje handlar om kva tru vi har eller kva vi tenkjer om åndelig røyndom. Denne serien trekk fram 5 slike ting som vi alle treng og som vi ikkje kan leve utan. Desse er:

Meining, Tilfredsheit, Fridom, Identitet og Håp

Kristen tru gjev ikkje berre ei veldig god forklaring på kvifor desse behova er store ting i liva våre, men kan møte dei betre enn noko anna livssyn!


litt om tema:

håp

Håp er ein så viktig ting for oss. Du og eg lev mykje meir på basis av håp enn vi forstår. Håp har to komponentar i seg, grunnleggande sett: Lengsel og forventning. Du har lengslar, og dermed har ein også forventningar til korleis desse lengslane skal bli møtt – og dermed har du håp. Og då forstår vi kor djupt kritisk, og kor totalt tragisk det eigentleg er dersom noko er håplaust. Då er det over. I vårt norske språk er nok håp litt ullen: det utrykker noko usikkert. Vi håpar det blir fint vær i morgen. Vi håpar vi får det vi ønskjer oss til bursdagen vår – men sikker, det er vi ikkje – vi håpar.

Men håp i bibelen er annleis. Det greske ordet håp er *elpis*: det tyder «sterk forventning». Det Hebraisk ordet er *Tikvah*, som tyder «sterkt tau» – noko som er fast og som held deg fast og som kan dra deg trygt i land. Så håp er noko du er sikker på vil kunne tilfredsstille dine djupaste behov. Difor vert det grunnen for at du lever. Vi er uunngåeleg håpdrivne skapningar. Den kristne bodskapen er eit bodskap om den oppstadne Jesus, han som vann over døden. Difor måtte Tomas møte han. Og fordi han er oppstaden kan du møte han, og han kan bere alle dine håp.

håp



Bibel

Joh 20-24-29 Spørsmål til teksten:

1. Kva slags forvandling går føre seg med Tomas frå vers 25 til vers 28? Korleis trur du verdsbiletet hans og framtidshåpet hans endra seg?
2. Jesus blir kalla vår "forløpar" (Heb. 6.20) til den nye verkelegheita. Ut frå vers 26 og 27, er den nyskapinga vi har i vente reint åndeleg, eller kanskje heilt lik som dagens fysiske verkelegheit?



Fellesskap

Den ærlege samtalen:


1. Kjenner du deg igjen i Tomas sitt ønske om å "vite sikkert", eller er det annleis for deg?
2. Har du gjort noko uvanleg eller sprøtt på grunn av eit håp nokon gong?
3. Kva kan det kristne håpet få oss til å gjere?



Misjon

Gjennom deg og vidare

Korleis kan du forklare det kristne håpet til vanlege menneske som oppfattar verda som tilfeldig og kaotisk?



Rausheit

Takksam deling

Kan vi la det skaparverket vi er del av segle sin eigen sjø, sidan vi forventer ei nyskaping?

TIL DEG
*vi treng det -
Jesus gjev det*



Bøn

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at han har gjeve oss eit framtidshåp som gjev oss retning, tiltakslyst og forventing.
2. Be om håp for dei som ikkje har det, og be om å få vere ein del av Guds plan om håp til verda.
3. Be for kvarandre, og for dei tinga som verkar håplause.